

## ÅRSRAPPORT FRÅ HESTESKOGRUPPA I V.I.L 1981

### STYRE:

Pål Rune Lødemel, Bjørn Lade, Inger M Lie, Arne Olufsen, Jostein Solheim, Kristbjørg D. Bolstad, Knut Hjorthol.

### STEMNE:

14. mai. Klubbmeisterskap single. I årets fyrste styrkeprøve var det Laila Ødegård og Harald Tennøy som hadde forma inne. 10 damer og 22 herrar tok del, noko vi må vere fornøgd med ettersom stemnet gjekk i fjøstida ein torsdagskveld.

23.mai. Velledalsmeisterskap (VM) mixed-double. 16 lag tok del i eit stemne der det tydeleg kom fram kven som hadde nytta våren til trening som det sømer seg ein hesteskokastarspire. Inger Marie Lie og Atle Hole gjekk i spann og slo ut all motstand.

24.mai. Velledalsmeisterskap double. Damene kasta for fyrste gong etter eit seriesystem, utan at nokon av den grunn makta ta sigeren frå duoen Inger M. Lie/Oddny Brunstad. I herreklassa vart "Bøtelane", Per og Kåre Hole Drabløs; for sterke.

21.juni. Kretsmeisterskap double. Omfattande innbyding sendt ut til gamle og nye lag og distrikt. 12 damer og 72 herrar tok del. Vinnarar: Inger M. Lie/Oddny Brunstad, og Jan Hole Drabløs/Jon Hole Drabløs

27. og 28. juni: NM-double på Breim. Stemnet gjekk på grus. Sterke plasseringar i dameklassa. Dei fleste utanom V.I.L. nytta grevsko.

15. og 16. august: NM single i Velledalen. Det mest omfattande stemnet vi har arrangert, 225 deltakarar. Stemnet gjekk på gras, med flatsko. Bra vêr – men det dårlegaste det he vøre nøkinj gong. Tomme hesteskohyller hos B.S.Aure i lang tid. Damer: 1. Inger Marie Lie 2. Åsta Myrmel, Jølster, 3. Laila Ødegård. Herrar: 1 Jon Hole Drabløs 2. Gustav Dalset 3. Geir Sørebo, Søreide.

Vi hadde under NM eigen premie-komité som gjennom stor innsats samla inn gåvepremiar frå heile bygda, og varta opp med eit enormt premiebord. Alle som gjekk vidare til søndag (64 herrar og 16 damer) vart premierte. Det var stort oppbod av funksjonærar, vi hadde samband mellom banene og sekretariatet, og rask og god resultatservice. Vi hadde òg fast bane for presisjonskasting kvar dag. Populært og inntektsgivande.

Også nytt: Presse-NM. Gullsko til Bygdaposten, sølv til Sunnmørsposten, bronse til Sunnmøringen.

29. og 30 august: Øye-cupen i tradisjonell stil, men denne gong kun med mixed double. 32 lag tok del, og alle dei 32 laga gjekk vidare til søndag. Vinnarar og poeng i Sykkylvsbladet sin vandrepokal. 7 poeng: Edvard Nordang/Britt Flo, 5 poeng: Kjell Nilsen/Laila Ødegård, 4 poeng: Karl/Ann Kristin Hole, 3 poeng: Jan Ove Skogvold/ Torhild Horsevik, 2 poeng: Kjell/Alvhild Standal, 1poeng: Einar Dalheim/Tove Åbelvold

Vi samarbeidde også i år med Union hotell og skipa til dans fredag og laurdag til musikk ev Grindes. Ei populær helg og ein tradisjon ein må prøve halde oppe også i framtida.

For hesteskogruppa  
Bjørn Lade      Pål Rune Lødemel.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.